

## INSTRUKS FOR STYRET VED KNARVIK INDUSTRI OG Miljø AS

Styret har det overordna ansvaret for drifta av Knarvik Industri og Miljø AS, og skal sjå til at verksemda vert driven i samsvar med føremål, vedtekter og lovar og reglar som gjeld for slik verksemd.

Styret skal følgje drifta gjennom dagleg leiar si rapportering til styret.

Styret skal gjere vedtak om budsjett for neste år

Styret skal gjere vedtak om handlingsplanar

Styret skal alltid handsama saker som er av vesentleg betydning for drifta eller som er av uvanleg karakter.

Styret skal gjere vedtak om overordna organisasjonsmodell

Styret har ansvar for tilsetjing av dagleg leiar, samt avtala løns- og tilsetjingsforhold. Styret skal jamleg evaluere dagleg leiar sitt arbeid.

Styret skal sjå til at drifta oppnår vedtekne mål med omsyn til økonomi, rekneskap og likviditet.

Styret fører tilsyn med at internkontrollsystem fungerer ved verksemda

Styret skal jamleg evaluere sitt eige arbeid, m.a. slik at krav til kompetanse og arbeidsdeling kan ivaretakast

Styreleiar er ansvarleg for at det vert innkalla til styremøter. Innkallinga skal vere skriftleg . Det er styreleiar som leiar møta, med nestleiar som vara. Styret fatter vedtak med simpelt fleirtal, og dersom minst halvparten av styremedlemene er tilstades. Møteleiar har dobbelrøyst ved stemmelikhet.

Dagleg leiar skal møte på styremøta og føre protokoll. Dagleg leiar har tale og forslagsrett. Protokollen skal godkjennast og signerast av styremedlemene.

Saker som hastar, kan handsamast utan møte, t.d. telefonmøte, dersom eit fleirtal av styremedlemene er enig i dette.

Styremedlem og dagleg leiar kan krevje at det vert kalla inn til ekstra styremøte.

Styremedlemene må til einkvar tid vurdere eigen habilitet, eller om dei er involverte i verksemdar som er i interessekonflikt med drifta av verksemda. Det betyr at det ikkje er rom for særinteresser

**i styret. Det er verksemda sitt beste etter ein samla vurdering som er det overordna syn. Styretes medleamar må være frie og uavhengige, uten personlege bindingar til eigar og leiinga av verksemda. Dette gjeld også dei tilsette sin styrerepresentant. Styremedemar har teieplikt om personopplysningar knytta til saker som vert handsama i styret, dersom ikkje nokon med heimel om lov kan krevje slike opplysningar.**

**Handsama i styret for Knarvik Industri og Miljø AS.....**